

Ot.prp. nr. 86

(2008–2009)

Om lov om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 8. mai 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen gjer Justis- og politidepartementet framlegg om endring i straffelova 1902 § 68 fyrste ledd. Framlegget går ut på at foreldingsfristen for straffansvar ved kjønnslemlesting skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år.

2 Gjeldande rett

Ved kjønnslemlesting gjeld dei alminnelege reglane om forelding i straffelova 1902. Fristen skal reknast frå den dagen det straffbare forholdet stansar, jf. straffelova 1902 § 68 første ledd.

3 Bakgrunnen for lovframlegget

Regjeringa presenterte 5. februar 2008 ein ny handlingsplan mot kjønnslemlesting (Handlingsplan 2008-2011). Handlingsplanen følgjer opp ein tidlegare handlingsplan mot kjønnslemlesting frå 2000 og skal blant anna sikre ei effektiv handheving av norsk lovverk. Eit av tiltaka som vart lansert var endring av foreldingsreglane i saker om kjønnslemlesting, slik at foreldingsfristen skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år.

I Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) om lov om endringar i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av

annen lovgivning) vart det fremja forslag om å utsetje tidspunktet for når foreldingsfristen skal ta til for desse tilfella. Samstundes vart reglane om forbod mot kjønnslemlesting i kjønnslemlestingslova §§ 1 og 2 foreslått inntekne i straffelova 2005 §§ 284 (om kjønnslemlesting) og 285 (om grov kjønnslemlesting), der også den øvre strafferamma vart skjerpa. Det heiter i Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) punkt 7.21 (side 267):

«Departementet mener at hensynene bak den utskutte beregningen av foreldelsesfristen også gjør seg gjeldende i saker om kjønnslemlestelse og foreslår føyd til straffeloven 2005 § 284 i oppregningen i endringsforslaget til straffeloven 2005 § 87 første ledd annet punktum.

Samlet vil det utskutte tidspunktet for foreldelsesfristens utgangspunkt etter forslaget til endringer i straffeloven 2005 § 87 første ledd annet punktum dermed gjelde for menneskehandel (§ 257), kjønnslemlestelse (§ 284), voldtekt av barn under 14 år (§ 299) og seksuell omgang med barn mellom 14 og 16 år (§ 302).»

Lovforslaget har også ei side til Europarådets konvensjon 25. oktober 2007 om vern av barn mot seksuell utnytting og seksuelt misbruk, som Noreg har underskrive. Artikkel 33 i konvensjonen stiller krav om at partane skal treffe tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg tidsrom til at rettsforfølging kan innleisast etter at fornærma har vorte myndig. Sjølv om kjønnslemlesting ikkje er omfatta av Europarådets konvensjon, meiner departementet at lovforslaget i

proposisjonen her fremjar siktemålet med konvensjonen artikkel 33.

4 Endringsforslaget

Det er usikkert når straffelova 2005 trer i kraft. Justisdepartementet meiner at det allereie no er behov for ei endring av utgangspunktet for foreldingsfristen i saker om kjønnslemlesting. I lovforslaget foreslår ein difor å føye til kjønnslemlestingslova §§ 1 og 2 i oppregninga i straffelova 1902 § 68 fyrste ledd anna punktum. Dette inneber at foreldingsfristen for kjønnslemlesting skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år. Lovforslaget går dessutan ut på at denne endringa i straffelova 1902 skal setjast i kraft straks.

Realiteten i saka har vorte grundig handsama tidlegare. Justisdepartementet meiner difor det ikkje er naudsynt å sende spørsmålet på høyring.

5 Departementet sitt syn

Justis- og politidepartementet meiner framleis at dei beste omsyn talar for å utsetje foreldingsfristen i saker om kjønnslemlesting.

Kjønnslemlesting rammar gjerne svært unge jenter. Dei vaksne som normalt er nærmast til å varetta barnet sine interesser, vil sjølve ofte vere involverte i overgrepet. Dei vil truleg også gi inntrykk av at det som skjer er naudsynt og rett. Det kan ta mange år før barnet sjølv innser kva det har vorte utsett for og melder frå om forholdet. Da kan handlinga vere straffri på grunn av forelding, spesielt dersom kjønnslemlestinga skjedde da barnet var svært lite. Dagens foreldingsreglar vil i verste fall gjere straffebodet illusorisk.

Departementet meiner omsynet til gjerningspersonen – at det er lite rimeleg å straffe etter lang tid – veg mindre tungt ved slike grove brot. Her kan det trekkjast ein parallell til andre grove brot mot mindreårige, slik som seksuelle overgrep, der foreldingsfristen skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år.

Ei innvending mot lengre foreldingsfrist er at moglegheita for å sikre bevis blir svekt over tid. I saker om kjønnslemlesting vil likevel dei fysiske konsekvensane av kjønnslemlestinga ofte vere synlege i lang tid etter overgrepet, i alle fall der kjønns-

lemlestinga er av dei mest omfattande. Vidare er det grunn til å tru at foreldra har medverka til, eller kjenner til kven som stod bak, den straffbare handlinga. Følgjeleg vil det framleis vere mogleg å få lovbrytarane dømde for brotsverket. Der barnet har vore i ein viss alder da overgrepet fann sted, vil det også sjølv kunne seie kven som stod bak, eller medverka til, handlinga.

I saker som dette talar også allmennpreventive omsyn for lang foreldingsfrist. Potensielle overgripingar skal ikkje kunne spekulere i at lovbroten er forelda når barnet blir gammalt nok til å melde frå om forholdet. Kortare foreldingsfrist kan dessutan tvinge fram kjønnslemlesting av stadig yngre barn.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet kan ikkje sjå at forslaget vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege, forutan ei mogleg auking av talet på prosessar.

7 Merknader til lovframlegget

Til § 68

Paragraf 68 fyrste ledd anna punktum blir endra ved å føye til kjønnslemlestingslova §§ 1 og 2 i oppregninga over lovbroten der foreldingsfristen skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år.

Til ikraftsetjingsføresegna

Lovforslaget krev inga særskild tilpassing. Justisdepartementet foreslår difor at lova skal setjast i kraft straks.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting)

I

I Almindelig borgerlig Straffelov 22. Mai 1902 nr. 10 skal § 68 fyrste ledd anna punktum lyde:
Ved overtredelse av §§ 195, 196 *eller lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse*

§§ 1 *eller* 2 skal fristen likevel regnes fra den dag fornærmede fyller 18 år.

II

Lova tek til å gjelde straks.



Trykkt. A/S O. Fredr. Arnesen, Mai 2009